



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 7.800. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Helsesøster - 100% vikariat

### Stillingsinformasjon

Grunna foreldrepermisjon er det ledig vikariat 01.09.17-15.08.18 for helsesøster knytt til Frekhaug helsestasjon. Arbeidet består av klinisk arbeid ved helsestasjon og i skulehelsetenesta. Helsestasjonen er organisert i Helseavdelinga med kommuneoverlege/helsesjef som leiar. I det daglege vil helsesøster rapportere til leiande helsesøster.

### Arbeidsoppgåver

Helsestasjon har eit breitt spekter av arbeidsoppgåver som i stor grad krev gode evner til samarbeid på tvers av faggrupper. Vi er godkjend som ammekyndig helsestasjon. Mykje av arbeidet skjer på grunnskulane.

Ved helsestasjonen er det tilsett fem helsesøstre, samt helsesekretær. Helsestasjonen er lokalisert i Frekhaug rådhus sentralt i Frekhaug senter.

Vår målsetting er å være eit lett tilgjengeleg lavterskeltilbud. Helsestasjon og skulehelsetenesta skal bidra til å førebygge sjukdom og fremja god fysisk og psykisk helse hos blivande foreldre samt barn og ungdom 0-20 år.

### Kvalifikasjonskrav

Autorisert helsesøster. Må kunne norsk muntleg og skriftleg. Gode samarbeidsevner og personlege eigenskapar vert tillagd avgjerande vekt. Den som vert tilsett bør ha førarkort klasse B. Ein bør disponere eigen bil på dagar med skulehelseteneste.

### Vi tilbyr

Eit triveleg og aktivt arbeidsmiljø med spennande og faglege utfordringar i ein kommune i sterk vekst.

Gode muligheter til fagleg og personleg utvikling.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

### Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 26.05.2017

Utlyst dato 09.05.2017

Vårref

667/17

### Kontaktperson

Tove Wiig Aadland, Leiande helsesøster, tlf: 56171105/00, mobil: 41452504, tove.w.aadland@meland.kommune.no

Tord A Lappen Moltumyr, Helsesjef, tlf: 56171120, tord.moltumyr@meland.kommune.no